



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Vatn og avløp

HUSNES RØYR AS  
Onarheimsvegen 92

5460 HUSNES

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Egil Eide	993 56 126	2020/3591-2		28.12.2020

## Tilknytingsløyve til offentlege leidningar - 147/11

**Det vert gjeve løyve til tilknytning av spillvass- og vassleidning til ny bustad på fylgjande vilkår:**

- Tilknyttinga skal utførast etter gjeldande VA-norm og *Standard abonnementsvilkår*, av godkjent røyrleggjar og minst ein person i arbeidslaget skal inneha ADK-1 sertifikat.
- Vatn og avløp skal koplast til eksisterande stikkleidningar. Begge eksisterande stikkleidningar skal testast, med trykkprøving av vassleidning og video inspeksjon av spillvassleidning. Dette for å sikra ei problemfri drift av leidningane, utan lekkasjar. Er det avvik, må leidningane oppgraderast til nye.
- Det er installert vassmålar i dagens bygning. Denne må sikrast og monterast i ny bustad. Er det behov for anna målar i den nye bustaden, må eksisterande vassmålar leverast inn til VA, og ny hentast ut. Når målar skal demonterast skal den sendast inn foto som viser målarstand og målarnummer til [va@kvinnherad.kommune.no](mailto:va@kvinnherad.kommune.no) Eigar av eigedomen er ansvarleg for at målaren står frostfritt. Skjema for vassmålarmontrasjen skal snarast mogleg etter montering sendast inn digitalt via vår heimeside.
- Skjemaet *Ferdigmelding av VA-anlegg* skal sendast inn digitalt via vår heimeside, straks tilknyttinga/installasjonen er utført. Godkjenning av VA-tilknytning må på plass før søknad om ferdigattest.
- Det vert ikkje gitt ferdigattest/bruksløyve (gjeld også midlertidig) før vilkåra i løyvet er oppfylt.

Sjå vår heimeside for retningsliner på private stikkleidningar:  
<https://www.kvinnherad.kommune.no/private-stikkleidningar>

Då eksisterande bustad er tilknytt kommunal forsyning/innsamling, vil det ikkje koma tilknytingsgebyr på den nye bustaden som då erstattar den eksisterande.

Ref. *Standard abonnementsvilkår, kapittel 2*: Dersom arbeidet med tilknytninga vert overført til eit anna ansvarleg føretak enn løyvet er stila til, skal det sendast inn søknad på nytt. Er arbeidet ikkje starta innan tre år etter at løyvet er gitt, fell godkjenninga vekk.

Med helsing

Egil Eide  
*Einingsleiar Vatn og avløp*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi til:

Åge Emil Prestnes  
Margunn Aksnes  
Johannes Malvin Prestnes  
Berit Karin Tangstad  
Kvinnherad kommune v/Anne Rita Eriksen

Parkvegen 6  
Prestnesvegen 67  
Furelia 5 A  
Prestnesvegen 61  
Rosendalsvegen 10